



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Karen Elin Bakke, 55 57 21 26

Vår dato
27.08.2013
Dykkar dato
11.02.2013

Vår referanse
2013/2965 740
Dykkar referanse
13/155

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høyring - NOU 2013: 1 - Det livssynssåpne samfunn

Vi viser til Dykkar brev av 11.02.2013. Kulturdepartementet har sendt på høyring NOU 2013:1 «*Det livssynsåpne samfunn*». Tros- og livssynspolitisk utval har gått gjennom statens trus- og livssynspolitikk og er bedt om å fremme forslag som kan bidra til å skape ein meir heilskapleg politikk på feltet. Fylkesmannen har følgjande innspel til NOU 2013:1.

Kap. 23, pkt. 23.6.2:

Utvalet rår til at arbeidsoppgåvene som Fylkesmennene har på trus- og livssynsfeltet vert sentralisert til eitt fylkesmannsembete for å sikre likehandsaming og tilstrekkeleg kompetanse i vurderingane. Vanskelege godkjenningssaker skal kunne leggjast fram for ei sentral nemnd.

Fylkesmannen i Hordaland ser at det kan vere føremålstenleg at dei administrative oppgåvene som Fylkesmennene har etter trdomssamfunnslova vert sentraliserte for nettopp å sikre likskap og kvalitet i sakshandsaminga. Somme arbeidsoppgåver vil likevel kunne krevje meir lokal oppfølging, som til dømes godkjenning og tilsyn med forstandarane. Fylkesmannen i Hordaland har hatt som praksis å møte nye forstandarar som skal godkjennast for mellom anna å gi informasjon om dei pliktar og lovpålagde oppgåver som ein forstandar har etter lov om trdomssamfunn og ymist anna (trussamfunnslova), om vigsler dersom trussamfunnet har vigselsmynde, samt om statsstøtta til trussamfunn. Gjennom forstandarsamtalen får ein også eit inntrykk av om forstandaren har tilstrekkeleg kunnskap om norsk språk til å kunne utføre lovpålagde oppgåver, slik forskrift om registrerte og uregistrerte trussamfunn § 2 krev.

Dersom ein vel å sentralisere Fylkesmennene sine oppgåver på trus- og livssynsområdet, bør ein sikre seg at forstandarane vert tilstrekkeleg skolerte til å kunne utføre lovpålagte oppgåver. Det kan til dømes gjerast ved å setje krav om at nye forstandarar må gjennomgå eit nettbasert kurs for å sikre kvalitet og kunnskap i arbeidet.

Kap. 24- pkt. 24.4 Endring i forvaltningsopplegg

Utvalet rår til at dagens støtteordning til tros- og livssynssamfunn vert endra slik at staten overtar heile ansvaret for utbetalingar til tros- og livssynssamfunn. Fylkesmannen i Hordaland er einig i at ei slik endring av ansvaret for utbetalingane vil kunne forenkle utbetalingsprosessen monaleg, og finn å kunne støtte utvalet sitt forslag på dette punktet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.